



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Protokoll frå møte i Bore sokneråd Tysdag 22. oktober 2019

Møtestad: Bore kyrkjekontor

Frå saksnummer: 64/19

Til saksnummer: 69/19

Av soknerådet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:

Nicolai Homme (leiar)

Arvid Kaspersen (nestleiar)

Kjersti M. Berge

Jens Kåre Stokka

Hans Voll

Borghild Friestad (varamedlem)

Ivan Fjeld, sokneprest

Andre:

Johannes Voll, Kari Haavardsholm og Elin Anita Garpestad, dagleg leiar. Frå sak 67/19 møtte Torunn Renate Bore, Torill Steinvoll Bøen, Jonas Berge, Marita Midtun Finstad og Elisabet Haarr frå det nye soknerådet.

Meldt forfall:

Marit Høie (permisjon) og Dagfinn Steinnes

Me stadfestar med underskriftene våre at det som er ført i protokollen er i samsvar med det som vart vedteke på møte.

Me starta soknerådsmøtet med saker for det gamle soknerådet, hadde ei matøkt med markering for dei som gjekk ut og fortsette sakslista med saker for det nye soknerådet.

Innkalling til møte i Bore sokneråd 22. oktober vart godkjend.

Protokoll frå møte i Bore Sokneråd 17. september vart godkjend.

SAK 64/19**Samtale om arbeidet****Drøfting**

Forbønnssamling for det nye soknerådet blir **10. november i G2**. Det blir kneling ved alteret for det nye soknerådet og det gamle står ved sida av. Ivan leier forbønnshandlinga.

Weekenden opplevdes veldig god for deltagarane i år. Det vart for lite tid til ei fullverdig evaluering i dette møtet. Saka vil bli teken opp att på neste soknerådsmøte.

Mange har gitt tilbakemelding på at møtet med Roy Godwin var bra, responsen på å kome fram til altar/koret for å bli velsigna og eventuelt bedt for ville ingen ende ta, og i kollekt kom det inn så mykje som ca 55 000 kr. Det låg mykje spenning i lufta før møtet starta, men avviklinga gjekk over all forventning. Me hadde stor tilstrøyming av folk og bilar, men eit stort antal frivillige sørja for at det ikkje vart kaos, korkje i kyrkje, kyrkjestova og på parkeringsplassen. Overføring til kyrkjestova kan bli betre ved slike arrangement, særleg biletet. Det vart fullt overalt. Det møtte ca 350, av desse sat ca 100 i kyrkjestova. Nokre få snudde og gjekk, men folk kjende seg godt ivaretakne og fekk utbyte av møtet.

Forslag til vedtak

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Vedtak

Alphakurs blir tidleg våren 2020. Plan blir lagt neste møte. Alle tenkjer over ein å spørja til å vera gruppeleiar før neste møte.

Gode tilbakemeldingar frå weekenden og me er interessert Tonstadli for neste år. Dagleg leiar gir beskjed til Tonstadli.

Besøket av Roy Godwin var vellukka.

SAK 65/19**Informasjon frå og til fellesrådet****Drøfting**

Me fekk ein gjennomgang frå Arvid av arbeidet i fellesrådet med tanke på det nye soknerådet. Arvid heldt særleg fram at i fellesrådet sitt budsjett til kommunen for 2020, har nå utvida parkeringsplass ved Bore kyrkje fått førsteprioritet saman med parkering ved Orre kyrkje.

Forslag til vedtak Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Vedtak Soknerådet tek saka til orientering.

SAK 66/19**Konfirmantfesten i Bore****Drøfting**

Johannes gjorde greie for diverse utfordringar med å halda ein tradisjonell konfirmasjonsfest. Det opplevest som at ein henvender seg meir til foreldra enn konfirmantane. Frå tid til anna er det nyttig å tenkja over om det skal gjerast endringar i innhald og form ved slike arrangement. Det er hektisk både å ha samtalegudsteneste og konf.fest i ei slik setting. Og konfirmantane får ikkje vist seg fram for menigheten og heller ikkje gjort teneste i gudstenestene. Ved å innlemma samtalegudstenesta i ei ordinær gudsteneste, kan ein gje konfirmantane oppgåver. Likevel er dette ei stor avgjer å ta, og det er vanskeleg å reversera.

Ein kan også tenkja seg ei løysing der samtalegudstenesta og festen vart to separate arrangement. Det kan bli veldig fullt dei gongene det er samtalegudstenesta dersom det blir lagt til ei ordinær gudstenest. Betre blir det dersom konfirmantane kan delta puljevis på fleire gudstenester til dømes 10-15 stk. kvar gong.

Mange foreldre har gitt uttrykk for at festen har vore ei gild samling, og det er veldig mange fjarårskonfirmantforeldra som gjer teneste på kjøkkenet, rydding og pynting, med glede.

Forslag til vedtak

1. Samtalegudstenesta og konfirmantfesten held fram som før.
2. Samtalegudstenesta blir lagt til ei ordinær gudsteneste med involvering av konfirmantane. Soknerådet arrangerer konfirmantfest som før med konfirmantar og foreldre.
3. Samtalegudstenesta blir lagt til ei ordinær gudsteneste med involvering av konfirmantane. Soknerådet arrangerer konfirmantfest kun for konfirmantar, målretta i både innhald og uttrykk.

Vedtak

Samtalegudstenesta blir lagt til ordinære gudstenester med involvering av konfirmantane, puljevis. Soknerådet arrangerer konfirmantfest som før med konfirmantar og foreldre. Det nye soknerådet gir festen innhald.

SAK 67/19**Konstituering av soknerådet 2019-2023****Drøfting**

Det var skriftleg val på leiar og nestleiar. Andre verv vart fordelt etter samtal.

Forslag til vedtak

1. Soknerådet vel ____ til å vere leiar i Bore sokneråd frå 1. november 2019 til 31. desember 2020.

Soknerådet vel ____ til å vere nestleiar i Bore sokneråd frå 1. november 2019 til 31. desember 2020.

2. Bore sokneråd vel ____ og ____ til å sittja i Klepp kyrkjelege fellesråd. ____ og ____ til å vere varamedlemmar.

3. Bore sokneråd vel følgjande til å vere representant i utvala:

____ i trusopplæringsutvalet

____ i diakoniutvalet

Vedtak

1. Soknerådet vel Nicolai Homme til å vere leiar i Bore sokneråd frå 1. november 2019 til 31. desember 2020.

Soknerådet vel Torunn Renate Bore til å vere nestleiar i Bore sokneråd frå 1. november 2019 til 31. desember 2020.

2. Bore sokneråd vel Marita Midtun Finstad og Jonas Berge til å sitja i Klepp kyrkjelege fellesråd. Elisabet Haarr blir 1. vara og Nicolai Homme blir 2. vara.

3. Bore sokneråd vel følgjande til å vere representant i utvala:

Elisabet Haarr til trusopplæringsutvalet

Torunn Renate Bore til diakoniutvalet

SAK 68/19**Viktige datoar for nytt sokneråd****Drøfting****Forslag til vedtak**

Soknerådet tek saka til orientering.

Vedtak

Soknerådet tek saka til orientering.

SAK 69/19**ORIENTERINGSSAKER****Drøfting**

Orienteringssakene blei lagt fram.

Forslag til vedtak

Soknerådet tar saka til orientering

EVENTUELTT

Gudstenestelista for våren 2020 vart vedteken.